

Hareidsstemna

Protokoll frå generalforsamling i Hareidsstemna, 5. mars 2013

Til stades:

Hans Gisle Holstad	Grimstadkoret/Hareid Blandakor/Hareid Idrettslag
Oddbjørn Grimstad	Vox Virorum/Hareid kommune
Dag Brekke	Musikklaget Melshorn/HS-styret
Hans Otto Øvrelid	Hjørungavåg Brass/HS-styreleiar
Elisabeth Warpe	Musikklaget Melshorn/valkomitéen
Einar Måseide	styret i Hareidsstemna, Bigset blandakor
Ragnhild Strømmegjerde	styret i Hareidsstemna
Sølvi Iren Utgård	programnemnda

Møtet vart sett kl 19.00 av styreleiar.

-
- Sak 1** Godkjenning av innkalling, dagsorden og representantar til generalforsamling. Gjennomgang av prosedyre. Sakliste bør nå ut til leing av laga, og vere tilgjengeleg for medlemmane før generalforsamling. Dei ulike laga skal kunne melde saker innan frist, med saker som styret då er kjende med før generalforsamling. Oppdatering av nettsidene på Hareidsstemna.no
- Innlegg:** Vidare arbeid omkring korleis få dei ulike aktørane med i engasjement for Hareidsstemna. Meir medvit kring kven eigarane av Hareidsstemna er? Dette er sjølve grunnlaget. Sjå på strategiar for å auke medvit kring dette.
- Forslag/synspunk:** Det å kunne nominere nokon frå dei ulike laga vil kunne vere ein modell for å kvalitetssikre deltaking i fora der saker vert teke opp og drøfta. Sende innkalling til generalforsamling direkte til kor og lag, kan vere eit tiltak. Styret vil få oppdaterte lister over medlemmar.
- Det vart etterlyst logo og takkeannonse gjeldande Hareid Kommune. Dette skal kome med på endeleg og tilgjengeleg versjon av Årsmeldinga. Synspunkt på at alle bidragsytarar sine logoar bør vere med i Årsmeldinga. Å ha tilgang på den i papirversjon, er nyttig på fleire vis.
-
- Sak 2** Val av møteleiar, referent og to til å skrive under protokollen.
- Vedtak** Møteleiar : Dag Brekke , referent : Sølvi Iren Utgård, signering av protokoll : Elisabeth Warpe og Oddbjørn Grimstad
-
- Sak 3** Godkjenning av framlagd rekneskap, budsjett og årsmelding. Årsmeldinga vert lest gjennom. Tilbakemeldingane er gode vdr programbreidde. Ulike aktørar og for ulike behov og aldersgrupper. Gode tilbakemeldingar også på strategi og dekning i media.



Spørsmålsstilling kring tal arrangement gjennom veka. For mykje å kunne rekke gjennom ein dag, eller totalt sett? Synspunkt på at det ikkje bør vere meir program gjennom stemna.

Synspunkt på årsmeldinga: Fin synleggjering av arrangementa via bilete, men ynskje om meir vurdering i teksta korleis arrangementet gjekk, vurderingar å ta med vidare samt noko om frammøte. Talfesting. Ei vurdering økonomisk sett.

Det bør vere tydeleg markering av takk til sponsorar og aktørar, bidragsytarar. Med logo.

Driftsresultat lest opp:

Kasserar Vigdis Riise ikkje til stades. Budsjettet er nett kome styret i hende etter endringar.

Merknad til at styret ikkje har gjennomgått dette på førehand.

Det er underskot i budsjettet på 84.687,81 kr. Det ein får inn frå garantistar, vil først kome på 2013 budsjettet. Dei som står som garantistar vil gjerne gjere det moglege å kunne opparbeide balanse.

Innspel : Strategi vidare vil vere å tenkje meir «trygge» arrangement . Fredags konserten er ein viktig del av stemneveka, og viktig å sikre kvalitativt. Vurdere dei andre arrangement etter det.

Tenke lav risiko for å bygge sikring framover.

Synspunkt: Med kasserer til stades er det lettare for generalforsamlinga å få svare på spørsmål vdr økonomien og føringar i driftsresultatet.

Dilemma for oversikt; det som vert budsjettert, og kva som kjem til av avtalar etter kvart nærare programmet.

Hans Otto Øvrelid gjer greie for endring i føring av budsjett. Større sum som vert ført under anna driftskostnad.

Innspel/diskusjon: Avtalar som vert gjort med artistar og band, korleis sette grenser vdr endringar av deira reiseplanar som kan skje undervegs? Kven tek kostnadane ved at bandmedlemmar brått må reise på ulike tidspunkt og reisemåtar? Overnatting for å nå tidleg fly på Vigra? Korleis vurdere og ha praksis rutinar for situasjonar som inntreff? Kva kan det gjere med omdømmet for Hareidsstemna å konsekvent legge slike utgifter over på tilreisande aktørar sjølve? Detalj utforme kontraktar?

Presisering av honorar og postar. Glas og rammer på stemnekunsten, leige av bedehus salen eksempelvis.

Vedtak Rekneskapen godkjend.

Sak 4 Drøfte evaluering av sist gjennomførte Hareidsstemne.

Overgang til ny leiing.

Synspunkt: Eit stemne fullt på høgde med andre stemne. Ønske om sikring av balanse i arrangementa.

Bruk av Ytre Suløen på ulikt vis i stemnefesten gav noko utstrakt bruk av genren. I bruken av Ytre Suløen høvde det slik at Hilde Louise Asbjørnsen



kunne nytte desse musikarane og genre også til hennar låtar. Stil i genre og form / program er eit mål å variere.

Men kvalitetssikre fredags konserten vert viktig. Spesifikk programsponsing kan vere ein styrke.

Fint å ta Sans på Hotellet i bruk. Tommy Røyseth tok seg av desse arrangementa. Riff tok seg av sitt arrangement.

Bruk av kyrkja som scene vart etterlyst. Her var konserten med Sølvguttene og Sirene tenkt, men endra pga behov for større plass for publikum enn kyrkja romma.

Vidare tenkje korleis markedsføre meir konsertane og arrangementa.

Sak 5	<p>Velje representantar og vararepresentantar til styret og nemnder.</p> <p>Valnemd: Etterlyser evalueringar frå nemdene.</p> <p>Teknisk og Artistservice er utvida med ein person. Tilbakemeldingar om at det fungerte bra. Men nokre måtte overlappa for oppgåver.</p> <p>Valnemda vil fortsette arbeidet framover, og viser til viktigheita av at medlemmar kjenner eigarforhold til Hareidsstemna. Styret vil få lister med medlemmar frå Oddbjørn Grimstad.</p>
Vedtak	<p>Hans Otto Øvrelid (ikkje på valg i år - 2014)</p> <p>Dag Brekke (styreleiar) 1 år</p> <p>Ragnhild Strømmegjerde (ikkje på valg i år - 2014)</p> <p>??? Manglar ein person</p> <p>??? Manglar ein person</p> <p>Vara:</p> <p>Marit Kvammen</p> <p>Kristine Hareide</p> <p>Programnemd:</p> <p>Hans Otto Øvrelid, Sølvi Utgård</p> <p>Teknisk:</p> <p>Kjell Arve Østrem</p> <p>Kjartan Grimstad</p> <p>Steinar O. Grimstad</p> <p>Ingmar Mork</p> <p>Artistservice:</p> <p>Kari Anne Eidsvik</p> <p>Torunn Haugen</p> <p>Janita Gjerde</p> <p>Odd Melhus</p> <p>Elisabeth Warpe</p>



Økonominemnd:
Gry Pilskog Eilertsen
Unni Apelseth

Styret for Johan H. Grimstads minnefond:
Jon Kåre Mork 3 år (2015)
Steinar Grimstad 3 år (2015)

Sak 6 Velje valnemnd på tre representantar.
Vedtak May-Britt Brandal (ikkje på valg i år - 2014)
Rannveig Frøysa (ikkje på valg i år -2015)
??? Manglar ein person

Arbeidet her fortset noko framover, då ein ikkje hadde løysingar klar

Sak 7 Velje revisor for eit år om gongen
Vedtak Hans Otto Brekke

Sak 8 Drøfte eventuelle nye idear for tiltak i stemneveka.
Forslag: Nytte video som tiltak for marknedsføring.
Innspel: Invitere lagsleiarar til drøfting? Synspunkt: Styret er valt; synspunkta vil vere mange, og varierte. Sende ut info til medlemmar og dei ulike laga. Elles har det tidlegare vore å oppfatte Hareidsstemna som ei «skute» som styrer seg sjølv.
Viktig med synleggjering av stemnefesten. Nådde dekninga av media ut? Har fått positive tilbakemeldingar på synleggjering i media. Fint samarbeid med Vikebladet.

.....

Sølvi Iren Utgård
referent

.....

Elisabeth Warpe
sign

.....

Oddbjørn Grimstad
sign